

POLITI! Ein trilogi om politiet i Bergen. Del 1: 1970 – 1990

på Hovudscenen, Det Vestnorske Teateret

Tilsette ved UiB kan kjøpe teaterbilletter til kr. 250 (ord.pris kr. 440)

Laurdag 3. februar og tysdag 6. februar kl. 19.00



Billettane kan du kjøpe her:

Laurdag 3. februar:

KJØP HER

Tysdag 6. februar:

KJØP HER

Du kan også sende e-post: publikum@detvestnorsketheateret.no (merk UiB)

Alarmen går!

Set deg heilt roleg inn i politibilen - og gjer deg klar for ein «True Crime»-komedie om byen vi alle elsker; Bergen!

Politiet i Bergen er omstridd: Skuldingar om politivald, dårleg etterforska drap og kidnappingar, interne varslarar - og den eine mediastormen etter den andre. Kva er greia med politiet i Bergen?

I denne første delen av trilogien om politiet i Bergen skal vi tilbake til sytti- og åttitalet - og politivaldsaka. Ho hadde si spede byrjing tilbake i 1971, og i 1981 kom juristen Edvard Vogt og jusstudenten Gunnar Nordhus ut med ein omfattande rapport, som hevda at det var omkring 360 tilfelle av politivald i Bergen, årleg!

Den sjokkerande rapporten slo ned som ei bombe, og blei møtt med kraftig kritikk.

Etter ei stund iverksette Riksadvokaten etterforskning, men ikkje ein einaste polititenestemann blei dømt.

Bergenspressa støtta for det meste politiet sin versjon, medan 14 professorar ved Universitetet i Oslo skreiv eit brev til Stortinget, kor dei viste til at politiet og påtalemakta si trakassering av valdsforskarane i Bergen truga forskinga sin fridom. 40 politifolk i Oslo melde avisteiknaren Finn Graff til politiet, på grunn av ei karikaturteikning.

Ein kan seie at frontane var steile... Så kom bumerangsakene.

13 av dei som hadde forklart seg om politivald, blei tiltala for falsk forklaring, og i åra 1988–90 blei 10 personar dømde for dette.

I 1996 kom advokatane Cato Schiøtz og Ole Jakob Bae med oppmoding til Høgsterett om at sju av sakene skulle bli gjenopptatte. Høgsterett si avgjerd var mellom anna basert på tvil om truverdet til Bergen politikammer og tenestemennene der. Alle dei sju sakene førte til frikjenning.

Men var det verkeleg ein kultur for vald i bergenspolitiet? Meinte dei at dei var heva over lova? Eller er kritikken konstruert av «kvasi-forskarar» som ønsker å sverte alle som sit på makt?

I framsyninga vår møter vi to politistudentar på praksis i Bergen. Dei har meldt seg som nattevaktar i Pepperkakebyen, fordi dei elsker Bergen, men hatar at politiet her har fått så dårleg rykte på seg. Der møter dei ein uvitande bergensar. Det er på tide å få alle trolla fram i lyset, så dei sprekk!

Manus og regi: **Aslak Moe**. Scenografi og kostymedesign: **Mari Hesjedal**

Lyddesign: **Kato Ådland**. Lysdesign: **Jon Eirik Sira**

Med: **Reidun Melvær Berge**, **Kasper Skovli Botnen** og **Sigmund Njøs Hovind**

DET
VESTNORSKE
TEATERET
